Asfaltering i nabolaget

05.05.2010

Det verkar ikkje som om Uskedalen vil få ein einaste meter med ny asfalt dette året. Sjølv ikkje den nedslitne biten over Døsslandsio kom med på programmet.

Men medan vi ventar får vi glede oss over asfalteringa som vil skje i nabolaget og som også - indirekte - kjem oss til gode.

Soleis et NCC no i gang med å leggja ny asfalt på fylkesvegen (tidlegare riksvegen) frå grensa mot Uskedalen i Vågebrekka og gjennom Herøysund. Alle som har køyrt der må innrømma at det er på høg tid med eit nytt dekke.
Parsellen som skal asfalterast er 2,9 kilometer lang og totalt skal det leggjast 12,3 kilometer ny asfalt på fylkesvegar i kommunendette året.

Og rett skal vera rett: Det er ikkje meir enn 3 år siden det vart lagt 3,7 kilometer ny asfalt på hovudvegen gjennom sentrale delar av Uskedalen.Ein skal ikkje forlanga alt heller!

Biletet over er teke frå ledebilkøen gjennom Herøysund.

Biletet under er teke der nyasfalten startar i Vågebrekka.

(Foto: Ola Matti Mathisen)